



Asbjørn og Tor Vidar Sæle på tur (Foto Facebook)

Asbjørn Sæle (54) som er busett på Valen er den nye leiar av Kvinnherad Vekstbedrift (tidlegare AFA) i Uskedalen. Han har fått 3 års engasjement i stillingen frå 1. mars. Asbjørn Sæle er bror av Tor Vidar Sæle, som har fått ein leiarjobb på Flesland Lufthamn etter å ha leia KV i ei årrekke. No er han innvilga 3 års permisjon.

Asbjørn Sæle driv byggteknisk konsulentverksemd som enkeltpersonføretak. Han har i mange år jobba med små og store prosjekt i kommunen, til dømes Kvadraten, Husnes Barnehage, Husnes Ungdomsskule, Eplehagen Byggjefelt og Husnes Storsenter (slutføring).

Det var eit samrøystes styre som vedtok å tilby Asbjørn Sæle engasjementet. Av styreprotokollen går det fram at det var 11 søkjarar og styreformann Hans J. Berge og neststyreformann Lovise H. Sunde kom fram til at Sæle var den beste kandidaten som dagleg leiar. Han tiltrer på måndag og det vert da ein overlapping med dagleg leiar i 2 veker.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen